



Varsel om oppstart av planarbeid

I medhald av plan- og bygningslova §§12-3,12-8 varslas det oppstart av planarbeid for Storbakken i Giske kommune, Nasjonal plan-ID: 1532-2016004.

BoligPartner AS utfører planarbeidet på vegne av Skoge eiendom As.

Komité for miljø og tekniske saker vedtok 06.09.2018 at det kan bli starta opp regulering av Storebakken til formål frittliggjande og konsentrert bustadbygging.

Planområdet ligg på øya Vigra, ca 2 mil frå Ålesund og ca 3,5 km frå Ålesund lufthavn. Planområdet omfattar omkring 17,5 daa kvar sjølv utbyggingsområdet utgjer omkring 15 daa. Utbygginga vil primært avgrense seg til gnr/bnr 2/66. Gnr/bnr 2/40, 2/37 samt delar av 2/9, 2/41 og 2/1 innlemmast i forbindelse med tilkomsten. Nokre av desse eigedomane overlappar også delvis gjeldande plan for «Molnesrema II Byggfelt, ID1983001».

Det er ikkje krav om konsekvensutgreiing.

Hensikten med planarbeidet er å leggje til rette for fortetting med både konsentrerte småhusbustadar og frittliggjande småhusbustadar på eigedom 2/66 som ligg i enden av eit etablert bustadfelt. Eigedommen består i dag primært av ein kombinasjon av fulldyrka jord og innmarksbeite. Det er ynskjeleg å leggja opp til ei utnytting på omkring %BYA = 35-45% og med ein variasjon av einebustadar og tomannsbustadar eller bustadar i kjede/rekke.

Omkringliggjande eigedomar består primært av einebustadar mot aust og spredt bustadbebyggelse og landbruksarealar mot vest. Nord for planområdet ligg det eit naturvernområde.

Skriftlege synspunkt som har betyding for arbeidet kan sendes

BoligPartner as v/Morten Moe, Tjuvholmen, Brygga 11, 2317 Hamar innan XX.XX.2018

Dersom det er tinglyste rettar som kan kome i konflikt med planen, må det sendast inn merknad om dette innan høyringsfristen.

Dei enkelte som kjem med merknadar får ikkje direkte tilbakemelding. Merknadane tas med og behandlast i saken saman med andre innkomne merknadar. Korleis merknadar er blitt behandla i saken vil gå fram av dokumenta ved politisk 1. gangs behandling av planforslaget. Ved utlegging til offentleg ettersyn etter politisk behandling vil det bli mogelegheit for å komme med innspel til det konkrete planforslaget.

Spørsmål kan rettes til Line Danielsen, tlf 91819886/ 62365298
e-post: lineirene@mjosplan.no,

Kunngjering med naudsynte dokument er også tilgjengeleg for innsyn på kommunens heimeside <https://www.giske.kommune.no/kunngjeringar/>

BoligPartner